

Budsjett 2023

Kirurgisk klinikk
Helse Førde HF

Innhold

1 Samandrag	3
2 Status og omstilling	4
Større endringer	4
Tiltak budsjett 2023	6
3 Økonomi	8
4 Tiltak	9
5 Aktivitet.....	10
6 Bemanning	11
7 Budsjettprosess.....	12
8 Overordna ROS analyse budsjett 2023	13

1 Samandrag

I tabellen nedanfor er endringane i ramma til kirurgisk klinikk frå budsjett 2022 til budsjett 2023.

Budsjettramme 2023 Kirurgisk klinikk	
Basistilskot budsjett 2022	488 612
Prisendringar	88 630
Styrking løn	5 357
Innsparingskrav	- 5 132
Realendring - prehospital plan	6 000
Overflytting kvit bil til AMK frå pasientreiser	1 600
Overflytting overgrepsmottak til budsjetteknisk	- 2 851
Overføring av midlar til DRG kontrollar på økonomiavdelinga	- 400
Overflytting av lisenskostnader frå AMK til IT-avdelinga	- 95
Sum basistilskot 2023	581 722

Kirurgisk klinikk kjem til å gå igjennom store endringar dei kommande åra i samband med realiseringa av Livabygget i Nye Førde sjukehus. Helse Førde har over fleire år utvikla bygg og organisasjon i høve til pasientane sine behov, og resultatet av dette vil konkretiserast i løpet av 2023.

Sengepostprosjektet, som mellom anna arbeidar med bemanninga av sengepostane, i Førde kjem til å levere utkast til bemanning rundt årsskiftet. Poliklinikkprosjektet kjem til å levere utkast til bemanning i løpet av våren.

Nye lokale og anna flytting av funksjonar gjev andre moglegheiter for samarbeid og organisering, og ei meir effektiv drift vil påverke økonomien positivt. Hovudmålet til kirurgisk klinikk blir å halde fram arbeidet med å utvikle drifta slik at fleire pasientar får dag- eller poliklinisk behandling, og at færre blir innlagde.

2 Status og omstilling

Kirurgisk klinikk består av:

- Augeavdelinga
- Avdeling for akuttmedisin
- Kirurgisk avdeling
- Kirurgisk serviceseksjon
- Kvinneklubben
- Ortopedisk avdeling
- Øyre-Nase-Hals-Kjeve avdeling

Kirurgisk klinikk kjem til å gå igjennom store endringar dei kommande åra i samband med realiseringa av Livabygget i Nye Førde sjukehus. Helse Førde har over fleire år utvikla bygg og organisasjon i høve til pasientane sine behov, og resultatet av dette vil konkretiserast i løpet av 2023.

Sengepostprosjektet, som mellom anna arbeidar med bemanninga av sengepostane i Førde, kjem til å levere utkast til bemanning rundt årsskiftet. Poliklinikkprosjektet kjem til å levere utkast til bemanning i løpet av våren.

Nye lokale og anna flytting av funksjonar gjev andre moglegheiter for samarbeid og organisering, og ei meir effektiv drift vil påverke økonomien positivt. Hovudmålet til kirurgisk klinikk blir å halde fram arbeidet med å utvikle drifta slik at fleire pasientar får dag- eller poliklinisk behandling, og at færre blir innlagde.

Større endringar

Anestesi, intensiv, operasjon og sterilisentral

Som følge av generasjonsskifte er det naudsynt å sikre rekrutteringa av sterilteknikarar og spesialsjukepleiarar i Førde, Lærdal og på Eid. Behovet vart særskilt tydeleg under koronapandemien. Kirurgisk klinikk har difor auka tal utdanningstillingar innanfor desse områda dei siste åra.

Flytting av operasjonskoordinator til klinikknivå har ført til betre planlegging av operasjonar på tvers av avdelingane. Helse Førde har innført operasjonsplanleggingsystemet Orbit og nyttar kapasiteten til operasjonsteam og operasjonsstover nær fullt ut kvar dag.

Poliklinikk

I Livabygget blir fleire polikliniske spesialrom samla, og det blir sett på korleis drifta av desse skal organiserast på tvers av avdelingar og klinikkar. Som del av dette vurderer vi om det er råd å bruke helsefagarbeidarar som støtte knytt til operasjonar.

Kirurgisk klinikk har over tid flytta fleire prosedyrar frå operasjonsavdelinga til poliklinikk for å frigjere kapasitet til tyngre inngrep. Dette er prosedyrar med lokalbedøving som anestesiiform. Utviklinga har fått særskilt fokus dei siste åra, sidan korona har ført til periodar med redusert operasjonskapasitet. Vidare har eit utvida tilbod innanfor til dømes rygg- og karkirurgi, samt ein generell auke i aktivitet, ført til at avdelingane har fått eit større behov for operasjonstid. Det er allereie identifisert fleire inngrep, særskilt innanfor gynekologi og ortopedi som kan flyttast frå operasjon til poliklinikk i 2023.

Det blir arbeidd med ytterlegare auke i bruken av telefon, video og andre elektroniske løysingar til oppfølging av pasientar. Til dømes har ØNH-kjeve teke i bruk løysinga Airview til oppfølging av pasientar med søvn- og ventilasjonsapparat. Prosjektet virtuell preoperativ poliklinikk er starta som

gjer at anestesipersonell kan møte pasienten på video i forkant av operasjonar. Ei utvikling med brukarstyrte poliklinikkar er i gang, og vil verte breidda vidare i 2023.

Det blir arbeidd med oppgåvedeling der oppgåver blir flytta frå legar til andre yrkesgrupper som ergoterapeutar, fysioterapeutar, helsefagarbeidarar, sjukepleiarar eller sekretærar/helsesekretærar.

Sengepostar

Sengepostane vil i stor grad bli påverka av endringar i samband med Nye Førde sjukehus. Når Livabygget er klart, skal kirurgisk sengepost vere på same etasje som kreftsengeposten, og ortopedisk sengepost på same etasje som geriatri. Sengeposten til kvinneklinikken flyttar saman med sengeposten til barne- og ungdomsavdelinga.

Ei større endring i Nye Førde sjukehus blir overgangen til einsengsrom, og effekten av dette er per tid uviss. I somme tilfelle kan dette auke bemanningsbehovet per pasient, men det kan og redusere tal liggedøgn som følgje av meir effektiv behandling, mindre infeksjonar og liknande.

Vidare er det planlagt nye driftsmodellar rundt rehabiliteringssenger, observasjonssenger og generelle senger. I tillegg skal pasienthotellet auke kapasiteten og bli døgnbemanna med helsefagleg personale. Dette vil endre flyten rundt mange pasientar som får behandling av kirurgisk klinikk. Til dømes vil ein observasjonspost kunne redusere tal innlagde pasientar gjennom raskare avklaring og diagnostikk.

Komande året vil det bli arbeidd meir detaljert med korleis drifta på sengepostane skal organiserast i Livabygget. Framover vil klinikken arbeide med å klargjere organisasjonen for innflytting i nye lokale gjennom å setje i verk tiltak undervegs, som til dømes pilotering av ein observasjonspost.

Kirurgisk klinikk kjem særskilt til å arbeide med å komprimere pasientforløpa i 2023. Dette vil redusere ressursbruk ved å hindre ein del innleggingar og redusere uro for pasientar og pårørande. Som del av dette vil det å ta i bruk nye verktøy som Imatis og Mobilix vere viktig. Elles blir det sett på driftsforma med tanke på visittgang og arbeidsmåtar både i Førde og Lærdal.

Prehospitale tenester

Ambulansetenesta har dei siste åra gjennomført fleire endringar i samband med prehospital plan. I 2022 er nye ambulansebåtar tekne i bruk, og endringa knytt til ambulansestasjonen i Dale blir sett i verk i 2023. Framleis står det att nokre tiltak som innføringa av fagutviklar, medisinsk rådgjevar og stipendordningar.

Akuttmedisinsk kommunikasjonssentral (AMK) kjem til å innføre eit nytt IKT-system, men kostnadene i samband med innføring og drift er per tid ikkje kjende.

Tiltak budsjett 2023

Avdeling for akuttmedisin

Ambulansetenesta: Har hatt fast tilsette til å dekke opp korttidsfråvær på ambulansestasjonane i nærleiken av Førde dei siste åra. Denne løysinga har i stor grad bidrege til å redusere overtid og variable tillegg, gjort kvardagen meir føreseieleg for andre tilsette og gjort det enklare å sikre bemanning. Som følgje av dei positive erfaringane ynskjer ambulansetenesta å utvide ordninga til områda Nordfjord og Sogn. Dette er venta å gje ei årleg innsparing på 0,8 mill.

AMK: I 2022 blir den kvite bilen til Helse Førde flytta frå pasientreiser til AMK. Ved å flytte denne oppgåva til AMK vil vi i større grad kunne tilby dei tilsette ved eininga 100 prosent stillingar og samstundes kunne dekke opp helgevakter. Dette er venta å redusere turnover, noko som har vore særskilt kostbart for eininga dei siste åra. For å kunne arbeide på AMK må tilsette ha seks månader opplæring før dei kan arbeide sjølvstendig. Sidan dei kvite bilane kan køyrast med vanleg B-klasse sertifikat, vil det kunne leigast inn vikarar for å køyre desse i samband med ferieavvikling og liknande.

Intensiv: Tredelt ferie ved intensiv har flytta uttak av ferie frå sommaren til resten av året, noko som har gjort at eininga har vore nøydd til å leige inn dyre timar frå vikarbyrå over større delar av året. Ved overgang til todelt ferie vil ein redusere uttak av ferie resten av året.

Augeavdelinga

Ein del pasientar ved augeavdelinga blir opererte på begge auge. Hittil har det vore slik at kvart auge har vorte behandla i separate operasjonsforløp. Eininga ynskjer å starte med å operere begge auge på same dag. Dette er venta å spare ressursar i form av:

- planlegging av operasjonar
- kontrollar
- oppfølging av heimesjukepleie med augedråpar og liknande
- pasienttransport

Sjølv om inntektene per augeoperasjon går noko ned, er endringa venta å frigjere kapasitet slik at fleire pasientar kan bli behandla til ein lågare kostnad.

Kirurgisk avdeling

Kodeforbetring: I budsjettet for 2023 blir det overført 0,4 mill. til økonomiavdelinga for å tilsetje rådgjevarar innanfor medisinsk koding. Det er venta at inntektene frå dette blir høgare enn lønskostnadene. For å dekke inn midlane er inntektene til kirurgisk avdeling auka med kr. 200 000.

Kirurgisk sengepost: I Livabygget blir kirurgisk sengepost samlokalisert med kreftsengeposten og får tal senger redusert frå 28 til 21. Den framtidige bemanninga blir for tida arbeidd med i prosjekt rundt sengepostar og er per tid ikkje avklara, men det blir likevel lagt inn ei innsparing på 1,3 mill. Om kirurgisk sengepost skal lukkast med å redusere tal senger er dei avhengig av hjelp frå legegruppa, støttetjenester og tiltak som opprettinga av observasjonspost og auka kapasitet på pasienthotellet.

Kvinneklinikken

Legar: I 2023 vil det bli gjort ein gjennomgang av tenesteplan og vikarbruk på eininga.

Gynekologisk poliklinikk: Som følgje av innføringa av tidleg ultralyd blir det tilsett ei jordmor i 60 prosent stilling. Inntektene frå denne aktiviteten er venta å bli høgare enn den auka kostnaden.

Ortopedisk avdeling

Kodeforbetring: I budsjettet for 2023 blir det overført 0,4 mill. til økonomiavdelinga for å tilsetje rådgjevarar innanfor medisinsk koding. Det er venta at inntektene frå dette blir høgare enn lønskostnadane. For å dekke inn midlane er inntektene til ortopedisk avdeling auka med kr. 200 000.

Brukarstyrte poliklinikkar (Checkware): At pasientar i større grad kan følgjast opp digitalt gjennom til dømes checkware, vil redusere tal kontrollar og frigjere kapasitet. Dette vil gi høgare inntekter per konsultasjon, redusere ventetider og spare reisekostnader.

Ortopedisk sengepost: I Livabygget blir ortopedisk sengepost samlokalisert med geriatri, og får tal senger redusert frå 31 til 19. Den framtidige bemanninga blir for tida arbeid med i prosjekt rundt sengepostar og er per tid ikkje avklara, men det blir likevel lagt inn ei innsparing i budsjettet for 2023.

Om ortopedisk sengepost skal lykkast med å redusere tal senger er dei avhengig av hjelp frå legegruppa, støttenester og tiltak som opprettinga av observasjonspost og auka kapasitet på pasienthotellet.

Legar ortopedisk avdeling: I 2023 vil det bli sett på organiseringa av oppgåvene til legetenesta i ortopedisk avdeling.

ØNH-kjeve

Eininga opplever aukande pasientmengde og ventetider. Det er eit særskild behov for større kapasitet innanfor småkirurgiske inngrep. Eininga aukar difor bemanninga med 1,2 sjukepleiar i poliklinikk og 1 LIS-lege. Det er venta at inntektene aukar meir enn lønskostnadane.

Med ein ekstra LIS-lege får eininga totalt 4 LIS-legar og dermed eit fullt forvaksjikt. Dette er etterspurt av overlegar og vil være stabiliserande og rekrutterande for overlegar. Med 4 LIS-legar er bemanninga på avdelinga også meir robust ved fråvær, permisjonar, kurs og liknande.

I poliklinikk blir bemanninga auka med 0,5 sjukepleiarstilling til å handsame auka aktivitet som følgje av 1 ekstra LIS-lege og 0,5 sjukepleiarstilling for å frigjere leiar for poliklinikk frå kliniske oppgåver, slik at seksjonsleiar for poliklinikk kan overta oppgåver frå avdelingssjef. Denne auka blir kompensert ved at avdelingsleiar som er lege blir frigjort til å ta ein dag ekstra med poliklinikk i veka.

ØNH-Kjeve har starta telemonitorering (Airview) av CPAP pasientar, noko som gjer det mogleg å vurdere pasientdata direkte frå sjukehuset utan behov for undersøkingsrom. Dette vil auke kapasiteten på søvnlaboratoriet som i dag opplever lange ventetider noko som vil føre til auka inntekter. I tillegg vil sjølve monitoreringa gje ei kvartalvis inntekt for Helse Førde per pasient. Utover dette vil det redusere behovet for fysiske kontrollar og tilhøyrande reisekostnader. For å handsame auka aktivitet innanfor dette feltet blir det tilsett 0,2 sjukepleiarstilling.

3 Økonomi

Kirurgisk klinikk har følgende endringer i basisramma frå 2022 til 2023.

Budsjettramme 2023 Kirurgisk klinikk	
Basistilskot budsjett 2022	488 612
Prisendringar	88 630
Styrking løn	5 357
Innsparingskrav	- 5 132
Realendring - prehospital plan	6 000
Overflytting kvit bil til AMK frå pasientreiser	1 600
Overflytting overgrepsmottak til budsjetteknisk	- 2 851
Overføring av midlar til DRG kontrollar på økonomiavdelinga	- 400
Overflytting av lisenskostnader frå AMK til IT-avdelinga	- 95
Sum basistilskot 2023	581 722

Budsjett 2023:

	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22-kroner)	Budsjett 2023 (i 23-kroner)	Budsjettendring B2023-B2022	Prisvekst B2023-B2022	Budsjett endring i %
Sum inntekter	-371 266	-850 665	-946 407	-896 720	-95 741	49 686	11,3 %
☒ ISF inntekter	-297 790	-303 688	-304 294	-252 317	-606	51 976	0,2 %
☒ Gjestepasient inntekter	-16 075	-12 772	-14 536	-15 066	-1 764	-530	13,8 %
☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter	-32 906	-36 448	-38 091	-39 579	-1 643	-1 488	4,5 %
☒ Basistilskudd	-13 033	-488 612	-581 722	-581 722	-93 109		19,1 %
☒ Øremerkede midler	-3 109	-762	-732	-732	30	0	-4,0 %
☒ Andre inntekter	-8 353	-8 383	-7 033	-7 304	1 351	-271	-16,1 %
Sum utgifter	849 640	850 665	857 776	896 720	7 111	38 944	0,8 %
☒ Varekostnader og Helsetjenester	80 088	79 504	76 830	79 337	-2 674	2 507	-3,4 %
Kjøp av helsetjenester mm	23 439	24 821	24 026	24 948	-795	923	-3,2 %
Varekost	56 649	54 683	52 804	54 388	-1 879	1 584	-3,4 %
☒ Lønn- og personalkostnader	724 890	719 057	724 822	760 555	5 765	35 733	0,8 %
Lønn til fast ansatte og vikarer	451 645	447 609	459 815	479 127	12 206	19 312	2,7 %
Variable tillegg og overtid	78 218	68 201	62 043	64 649	-6 157	2 606	-9,0 %
Feriepenger og sosiale kostnader	206 545	218 707	216 305	230 782	-2 402	14 476	-1,1 %
Innleie av personell	3 339	636	1 243	1 296	608	52	95,5 %
Reisekostnader	4 978	5 364	5 571	5 738	207	167	3,9 %
Diverse personalkostnad	5 677	4 251	4 434	4 586	182	152	4,3 %
Lønnsrefusjoner	-25 512	-25 712	-24 590	-25 623	1 122	-1 033	-4,4 %
☒ Øvrige kostnader	44 662	52 104	56 125	56 829	4 020	704	7,7 %
Sum finans	7	0	0	0	0	0	
Totalsum	478 381	0	-88 630	0	-88 630	88 630	0,0 %

Inntekter	B22	B23	B23-B22
Budsjett	- 850 665	- 896 720	- 46 055
Auka inntekt ØNH-kjeveavdelinga			- 2 025
Andre justeringar			- 607
Endring i basistilskot			- 93 109
Prisendringar			49 686
Sum endring			- 46 055

Varekostnader og helsetenester	B22	B23	B23-B22
Budsjett	79 504	79 337	- 168
Flytting av kostnad for overgrepsmottak til budsjetteknisk			- 2 851
Auka budsjett båtambulanse			2 609
Flytting av varekost til øvrige kostnader			- 1 620
Andre justeringar			- 812
Prisendringar			2 507
Sum endring			- 168

Løn- og personalkostnader	B22	B23	B23-B22
Budsjett	719 057	760 555	41 498
Tiltak AAM			- 432
Tiltak kirurgisk avdeling			- 1 250
Tiltak kvinneklinikken			190
Tiltak ortopedisk avdeling			- 1 000
Tiltak ØNH-kjeve			2 025
Overføring av kvit bil frå pasientreiser til AMK			1 400
Andre justeringar			- 525
Styrking av løn			5 357
Prisendringar			35 733
Sum endring			41 498

Øvrige driftskostnader	B22	B23	B23-B22
Budsjett	52 104	56 829	4 725
Budsjett til drivstoff på båtambulanse			2 400
Flytting av varekost til øvrige kostnader			1 620
Prisendringar			704
Sum endring			4 725

4 Tiltak

Tiltak budsjett 2023	
AAM, Ambulanse: Standbycrew Nordfjord	400
AAM, Ambulanse: Standbycrew Sogn	400
AAM, AMK: Redusert turnover som følge av flytting av kvit bil til AMK	200
AAM, Intensiv: Redusert vikarbruk som følge av overgang frå tredelt til todelt sommarferie	232
Augeavdelinga: Auka aktivitet og reduserte kostnader med operasjon på begge auger same dag	200
Kirurgisk avdeling: Auka inntekt som følgje av kodeforbetring	200
Kirurgisk avdeling: Redusert bemanning kirurgisk sengepost	1 250
Kvinneklinikken: Gjennomgang tenesteplan og vikarbruk legar KK	250
Kvinneklinikken: Overskot innføring tidleg ultralyd og NIPT-test	200
Ortopedisk avdeling: Auka inntekt som følgje av kodeforbetring	200
Ortopedisk avdeling: Checkware - frigjere kapasitet i poliklinikk	500
Ortopedisk avdeling: Redusert bemanning ortopedisk sengepost	500
Ortopedisk avdeling: Organisering legar ortopedisk avdeling	500
ØNH-Kjeve: Netto overskot aktivitetsauke	500
Sum tiltak	5 532

5 Aktivitet

Nedanfor er aktiviteten som danner grunnlaget for den inntektsstyrte finansieringa (ISF) i budsjettet til Kirurgisk klinikk. På grunn av eit høgt sjukefråvær både hjå tilsette og pasientar i vår er prognosen for aktiviteten noko lågare enn planen for 2022.

Aktivitetstala er justert for ein nedgang i døgnopphald og ei auke i dagkirurgi og polikliniske konsultasjonar. Som følgje av ei aktivitetsauke mellom anna på ØNH-kjeve avdelinga er tal DRG-poeng i budsjettet for 2023 auka noko.

Aktivitet KIRURGISK KLINIKK	Oppnådd	Oppnådd	Oppnådd	Prognose	Plan	Plan	Endring
	2019	2020	2021	2022	2022	2023	Plan 23-22
DRG-poeng eigen region	12 010	11 560	12 759	12 202	12 721	12 748	27
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar)	385	342	425	408	335	381	46
DRG-poeng konvensjon/sjølvetalande	113	50	70	149	108	134	26
SUM DRG poeng produsert i HF	12508	11952	13255	12759	13163	13262	99
Tal dagkirurgi	4 770	4 699	5 486	5 420	5 468	5 663	195
Tal heildøgnsopphald	8 302	7 757	8 498	7 973	8 601	8 312	-289
Tal polikliniske konsultasjonar m/DRG	64 283	58 196	66 230	64 543	65 219	67 790	2 571
Tal polikliniske konsultasjonar u/DRG	10 296	9 952	8 612	6 953	8 731	6 685	-2 046

Tal dagkirurgi	Oppnådd	Oppnådd	Oppnådd	Prognose	Plan	Plan	Endring
	2019	2020	2021	2022	2022	2023	Plan 23-22
Augeavdeling	1288	1278	1 641	1 486	1 624	1 569	-55
Avdeling for akuttmedisin							-
Kirurgisk avdeling	933	924	963	950	967	971	4
Kvinneklínikken	864	994	1 038	1 008	1 093	1 097	4
Ortopedisk avdeling	1086	1104	1 286	1 451	1 251	1 413	162
ØNH-Kjeve	596	395	558	525	533	613	80
Sum	4 767	4 695	5 486	5 420	5 468	5 663	195


Tal heildøgnsopphald	Oppnådd	Oppnådd	Oppnådd	Prognose	Plan	Plan	Endring
	2019	2020	2021	2022	2022	2023	Plan 23-22
Augeavdeling	54	35	44	36	40	41	1
Avdeling for akuttmedisin							-
Kirurgisk avdeling	2055	2 073	2 126	2 101	2 135	2 159	24
Kvinneklínikken	2848	2 748	3 060	2 737	3 100	2 990	-110
Ortopedisk avdeling	2997	2 618	3 047	2 841	3 077	2 870	-207
ØNH-Kjeve	348	283	221	258	249	252	3
Sum	8 302	7 757	8 498	7 973	8 601	8 312	-289

Tal polikliniske konsultasjonar m/DRG	Oppnådd	Oppnådd	Oppnådd	Prognose	Plan	Plan	Endring
	2019	2020	2021	2022	2022	2023	Plan 23-22
Augeavdeling	8698	7855	8 531	1 739	8 570	1 695	-6 875
Avdeling for akuttmedisin	1427	1366	1 779	8 768	1 851	8 538	6 687
Kirurgisk avdeling	8542	8074	9 093	8 823	9 364	9 485	121
Kvinneklínikken	8470	8577	9 713	9 312	9 296	9 736	440
Ortopedisk avdeling	19728	17528	20 849	19 881	19 929	20 472	543
ØNH-Kjeve	17418	14796	16 265	16 020	16 209	17 864	1 655
Sum	64 283	58 196	66 230	64 543	65 219	67 790	2 571


Tal polikliniske konsultasjonar u/DRG	Oppnådd	Oppnådd	Oppnådd	Prognose	Plan	Plan	Endring
	2019	2020	2021	2022	2022	2023	Plan 23-22
Augeavdeling	695	614	545	1 822	515	1 914	1 399
Avdeling for akuttmedisin	2760	2262	2 060	485	2 150	460	-1 690
Kirurgisk avdeling	1810	1755	1 153	864	1 190	855	-335
Kvinneklínikken	517	484	546	405	440	428	-12
Ortopedisk avdeling	3224	3826	3 298	2 539	3 379	2 280	-1 099
ØNH-Kjeve	1290	1011	1 010	838	1 057	748	-309
Sum	10 296	9 952	8 612	6 953	8 731	6 685	-2 046

6 Bemanning

Årsverk



Sjuefråver



Endringar

Netto månadsverk	Snitt 2021	Snitt per oktober 2022 (A)	Budsjett 2023 (B)	Endring B-A
Augeavdeling	21,0	21,8	21,8	0,0
Avdeling for akuttmedisin	390,5	391,8	400,8	9,0
Kirurgisk avdeling	79,6	77,0	77,0	0,0
Kirurgisk serviceseksjon Førde	24,4	23,5	23,5	0,0
Kvinneklubben	74,4	74,9	75,5	0,6
Ortopedisk avdeling	114,6	117,0	117,0	0,0
ØNH - Kjeveavdeling	27,5	29,1	31,3	2,2
Klinikk kirurgi stab	3,9	5,3	5,3	0,0
Sum kirurgisk klinikk	735,9	740,5	740,5	11,8

Avdeling for akuttmedisin:

- 2 årsverk er knytt til overflyttinga av kvit bil frå pasientreiser til AMK.
- 7 årsverk er knytt til opprettinga av faste vikarstillingar i Nordfjord og Indre Sogn (vil redusere brutto månadsverk tilsvarande).

Kvinneklubben:

- 0,6 årsverk er knytt til auke i ei ultralydjordmorstilling i samband med innføringa av tidleg ultralyd.

ØNH-kjeveavdelinga

- Er knytt til opprettinga av 1 LIS-stilling, 1 sjukepleiarstilling i poliklinikk og 0,2 søvnsjukepleiar.

7 Budsjettprosess

Budsjettprosess i kirurgisk klinikk		
Dato	Deltakarar	Tema
24. august	Klinikkdirektør og kontrollar	Innmelding av realendringar og andre vesentlege forhold til økonomiavdelinga
19. september	Klinikkdirektør, kontrollar, tillitsvalde og verneombod	Informasjonsmøte om budsjett 2023
September	Klinikkdirektør, kontrollar, leiarar, tillitsvalde og verneombod	Budsjettmøte i avdelingane
21. oktober	Klinikkdirektør og kontrollar	Innlevering av utkast til budsjett
24. oktober	Klinikkdirektør, kontrollar, tillitsvalde og verneombod	Informasjonsmøte om budsjett 2023
3. november	Klinikkdirektør, kontrollar, tillitsvalde og verneombod	Drøftingsmøte budsjett 2023

8 Overordna ROS analyse budsjett 2023

Risikomatrixe						
Konsekvens (1-5)						
Sannsynleg (1-5)		1. Ubetydeleg (ikkje alvorleg)	2. Liten (mindre alvorleg)	3. Moderat	4. Alvorleg	5. Svært alvorleg/kritisk
	5. Svært stor					
	4. Stor			2,4		
	3. Moderat			1,3		
	2. Liten					
	1. Svært liten					

Nr	Område	Hending	San 1-5	Kon 1-5	Risiko San x Kon	Tiltak	Ansvar
1	Pasientinntekter	Nye smittebølger og mutasjonar av covid-19 eller auke i andre virus	3	3	9	Beredskapsplanlegging, fokus på smitteverntiltak og høg vaksineringsgrad	Leiarar på alle nivå
2	Personalkostnad	Meirarbeid og overtid i samband med innføring av nye system og utviklinga av Nye Førde sjukehus.	4	3	12	Bidra til ei best mogleg planlegging av prosjekta og ei kritisk vurdering av ressursbruk	Klinikkdirektør og avdelingssjef
3	Personalkostnad	Sjukefråvær på grunn av luftvegsinfeksjonar	3	3	9	Fokus på smitteverntiltak og høg vaksineringsgrad	Leiarar på alle nivå
4	Personalkostnad	Manglande effektar knytt til tenesteutvikling i perioden fram til ferdig Livabygg	4	3	12	Halde fokus på endringane i samband med Nye Førde sjukehus	Leiarar på alle nivå